



Cato Sagstad
Indre Sagstad 60
5918 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 18/1733 - 18/14772

Saksbehandlar:
Kristin Moe
kristin.moe@meland.kommune.no

Dato:
29.06.2018

Førehandsvarsel om pålegg om retting og ilegging av tvangsmulkt på gbnr. 19/2

Saka gjeld

Meland kommune har 09.10.2017 motteke melding frå firmaet Norva24 Vest AS om lekkasje frå septiktank på eignedommen, gnr. 19, bnr. 2.

Grunngjeving for førehandsvarsel om pålegg om retting og ilegging av tvangsmulkt

Det følgjer av forurensningsloven § 7 første ledd at «ingen må ha, gjøre eller sette i verk noe som kan medføre fare for forurensning» uten at det er gitt løyve. Ved lekkasje frå septiktank renn avløpsvatn ut i grunnen med fare for at menneske og dyr blir sjuke.

I medhald av forurensningsloven § 7 fjerde ledd jf. andre ledd kan kommunen pålegge den ansvarlege for forureining, om å sørge for tiltak for å stanse, fjerne eller avgrense verknaden av forureininga. Med bakgrunn i nemnde forhold, varslar kommunen om at det vil bli vurdert å gje pålegg om retting og ilegging av tvangsmulkt for å få brakt tilhøva i lovlege formar.

Varsel om pålegg om retting

Med heimel i forurensningsloven § 7, blir du no varsla om at tiltaket må bli retta **innan 17.09.2018**:

Retting må skje ved at lekkasjen blir utbetra. Ved lekkasje er det ofte nødvendig med ein større reoperasjon eller endring. Vesentleg reoperasjon eller endring av avløpsanlegg er i utgangspunktet eit søknadspliktig tiltak med krav om ansvarleg føretak etter plan- og bygningsloven §§ 20-1 og 20-3. For å utbetre septiktanken din må du derfor ta kontakt med eit godkjent røyrleggjarføretak eller føretak som har ansvar for tømning av tanken din. Dersom du er usikker på om utbetringa/reoperasjonen av septiktanken er eit søknadspliktig tiltak kan du ta kontakt med Meland kommune. For tiltak som gjeld nytt lokk/lås eller liknande kan du sjølv utføre arbeidet.

Kommunen må få skriftleg tilbakemelding når lekkasjen er utbetra.

Dersom forholdet ikkje blir retta innan tidsfristen, vil Meland kommune vurdere å fatte vedtak der vi pålegg dykk å utbetra lekkasjen i medhald av forurensningsloven § 7. Pålegg om retting vil i så fall bli gitt i særskild vedtak (eige brev) ved utløp av tidsfristen.

Varsel om ilegging av tvangsmulkt

Med heimel i forurensningsloven § 73 gjev Meland kommune varsel om at kommunen kan fatte vedtak om ilegging av tvangsmulkt dersom det ulovlege tiltaket ikkje er retta, og kommunen ikkje har motteke dokumentasjon på dette, **innan 17.09.2018**.

Tilbakemelding

Når septiktanken er reparert, må du og eventuelle sameigarar fylle ut det vedlagde tilbakemeldingsskjemaet for utført arbeid og returnere det til kommunen innan den nemnde fristen.

- E-post: postmottak@meland.kommune.no
- Brev: Postboks 79, 5906 Frekhaug

Vi svarar gjerne på spørsmål på telefon 56171000 eller du kan sende e-post til postmottak@meland.kommune.no.

Dine rettar

Du har rett til å gje uttale før det blir fatta vedtak om pålegg om retting og ilegging av tvangsmulkt. Det kan til dømes vere at du meiner opplysningane våre ikkje er rette eller at det fins andre grunnar til at du ikkje har plikt til å utbetre lekkasjen. Det vert gjeve ein frist på **3 veke** frå mottak av dette brevet til å svare på førehandsvarselet. Meland kommune oppmodar dykk om å nytte uttaleretten.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Kristin Moe
juridisk rådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Skjema for tilbakemelding

Mottakere:

Cato Sagstad

Indre Sagstad 60 5918

FREKHAUG